

**Fra:** Per Rune Vereide [Per.Rune.Vereide@sfj.no]

**Til:** postmottak@sd.dep.no [postmottak@sd.dep.no]; transport-kommunikasjon@stortinget.no [transport-kommunikasjon@stortinget.no]; Postmottak Sentraladm [Postmottak.Sentraladm@sfj.no]

**Kopi:**

**Sendt:** 09.03.2016 13:51:08

**Emne:** Fråsegn frå fylkesårsmøte i Senterpartiet

**Vedlegg:**

Frå

Fylkesårsmøtet i Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Til

Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget

Samferdsledepartementet v/statsråden

Sogn og Fjordane fylkeskommune v/fylkesutvalet og hovudutval for samferdsle

### **Senterpartiet krev vegsatsing i fylket!**

Senterpartiet i Sogn og Fjordane ønskjer å vektlegge andre kriterium i tillegg til dei som ligg i dagens modell for utrekning av samfunnsøkonomi i samferdsleprosjekt. I dagens modell kjem Sogn og Fjordane ofte tapande ut på grunn av lågt folketal. Når det gjeld eksportverdi per innbygger, vert vi derimot vinnarar. Senterpartiet meiner difor at samferdsleprioriteringane skal spegle verdiskapinga i fylka, mellom anna gjennom endring av tildelingskriteria.

#### Rv. 52 Hemsedalsfjellet.

Sogn og Fjordane Senterparti støttar Statens vegvesen si tilråding om to prioriterte fjellovergangar aust-vest, der E134 Haukelifjell er den eine og Rv. 52 Hemsedalsfjellet den andre.

Ved val av to aust-vest-samband må ein velje dei alternativa som fangar opp mest mogleg trafikk frå begge sider av fjellet. Med bru Mannheller-Fodnes, tunnel på Rv. 5 Hagalandet – museet (Sogndal-Kaupanger), betre trafikkavvikling i Sogndal sentrum og sluttført rassikring i Kjøsnesfjorden vil Rv.5 verte effektivt kopla på E39 som går nord-sør. Etter kvart som dei ulike E39-prosjekta vert realiserte i fylket, vil den desidert kortaste vegen til Oslo frå heile fylket gå via Rv. 5 og vidare over Hemsedalsfjellet på Rv.52. I tillegg fangar også Rv. 52 opp trafikken frå deler av Hordaland. Aust-vest-sambanda skal tene nasjonale omsyn og då må ein velje ein kombinasjon av trasear som gjer nettopp dette.

Alle faglege råd peikar i retning Rv. 52 Hemsedalsfjellet, samtidig som tunge nasjonale aktørar som NHO, LO og Norges lastebileigarforbund (NLF) ynskjer Hemsedalsfjellet. E134 Haukelifjell er allereie vedteken av regjeringa. Rv. 52. Hemsedalsfjellet må bli vedteken som den andre prioriterte fjellovergangen.

#### E39 gjennom Sogn og Fjordane må prioriterast.

Utbygginga av E39 gjennom fylket er det viktigaste samferdsletiltaket i Sogn og Fjordane. E39 er ei viktig transportåre som bind fylket saman nord-sør og i tillegg fungerer som eit kopling til Rv. 5, Rv. 15 og andre sentrale vegstrekningar i fylket. Sogn og Fjordane Senterparti meiner at utbygging av stamvegstandard / gul midtstripe på E39 gjennom fylket må prioriterast i Nasjonal transportplan (NTP).

Det er E39-parsellane utan gul midtstripe som må prioriterast. Dette omfattar E39 Bogstunnelen – Vadheim, Myrmel – Førde – Moskog, parsellar på E39 Skei – Byrkjelo og Byrkjelo-Grodås. I tillegg må eksisterande flaskehalsar på E39 frå Byrkjelo til Sandane utbetrast. Finansieringa må på plass slik at prosjekta kan gjennomførast fortløpande.

Stamvegstandard / gul midtstripe som minstekrav må prioriterast før store fjordkryssingar og 4-feltsveg sør for oss. Vi må først kome i mål med gul midtstripe gjennom Sogn og Fjordane.

Transportetatane har laga ein strategi for utbygging av ferjefri E39 i løpet av 20 år. Ein ferdig utbetra og ferjefri E39 vil knyte saman sterke næringslivsregionar og store bu- og arbeidsmarknader. Vegen vil og legge eit godt grunnlag for å utvikle eit av Norges største eksportområde vidare.

Når ulempene som dårleg vegstandard og ferjer representerer, vert borte, og vegstrekningane vert utbetra, vil trafikken auke betydeleg. Det gjeld for alle typar trafikk, både persontrafikk og godstransport. Ein vil få positive verknader av at framkomst lokalt, regionalt og mellom landsdelar vert betre. Derfor er utbygginga av E39 ei viktig sak for heile Vestlandet.

#### Rv. 13 Vikafjellstunnelen.

Senterpartiet i Sogn og Fjordane meiner Rv. 13 Vikafjellstunnelen må inn att i NTP med oppstart i første periode. Vikafjellet er ein propp på stamvegnettet i vinterhalvåret. Vikafjellstunnelen vil gje regionen ei god utvikling og ein større arbeidsmarknad.

Reduserte utslepp, høve til større bruk av el-bil, enklare tilknytning til tognettet og betre vilkår for villreinstamma er alle døme på den store miljøvinsten ein tunnel vil gje. Tunnelen vil gje sikker og naudsynt beredskapsveg som omkøyning både for E16 og E39, og vil fjerne mange krevjande raspunkt. Gjennom samordning med andre vedtekne tiltak på Rv. 13 kan ein få ei god økonomisk gjennomføring av tunnelen.

Kopi til:

Senterpartiets hovudorganisasjon og stortingsgruppe

Presse og media

---

Ha ein fin dag ☺

Med helsing

Senterpartiet i Sogn og Fjordane

Per Rune Vereide

f-sekr.

#### Kontaktinfo:

Telefon – 9770 6884

E-post – [prv@sp.no](mailto:prv@sp.no)

Adresse – postboks 154 – 6821 Sandane

[www.sp.no](http://www.sp.no)  
[www.sp.no/sfj](http://www.sp.no/sfj)